



Dønhaug har hatt eit hestemiljø lenge – no er garden også i ferd med å bli ein travarbase. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Magne Huglen eig 50 prosent av ein tre år gamal varmbloods travarhingst som no er innkjøpt frå Danmark, får uskedalen.no opplyst. Dei resterande 50 prosent er fordelt på fleire og ein av dei er også frå Uskedalen.

Dei andre parthavarane er kjenningar, slektingar og vener av Magne. Med dette kjøpet er det fire travarar som er heimehøyrande i Uskedalen – Magne har ein frå før og Hallvard Døsmland har to.

Den nyinnkjøpte hingsten heiter Maxwill og er svært lovande. Den har allereie sagra i tre-fire løp og vore nede på ei kilometertid på 1.18 i eit løp på 1.800 meter. Seinast var den med i eit løp i Århus sist søndag, men då kom den inn som nummer åtte etter ein galopp.

Hingsten vil vera på plass i Bergen Travpark om eitpar veker, men Huglen veit enno ikkje når den får sin første start på norsk jord. Det blir opp til trenaren.

- Eg trur hesten er fullt på høgde med dei beste treåringane som deltek i Bergen, seier Magne til uskedalen.no

Av Ola Matti Mathisen